

# Referat frå Nettverksmøte UKM Hordaland 21.10.16

## Tilstade på nettverkssamlinga:

Nina Mathisen (UKM Askøy), Hilde Kristin Egeland (UKM Sund), Torill Aarland (UKM Austevoll), Kari Johanne Sandtorv (UKM Bergen), Arnstein Klovning (UKM Granvin), Rolf K. Seldal (UKM Kvam), Una Kolle (UKM Kvinnherad), Katarina Birkeland (UKM Radøy), Anita Soltveit (UKM Austrheim), Agnes Smørholm (UKM Fusa), Kjetil Osablod Grønvigh (UKM Os), Yngve Nikolaisen (UKM Tysnes), Sindre Sortland (UKM Vaksdal), Evy Kvamme (UKM Vaksdal), Ingrid Langen Fjose (UKM Voss), Svein Gunnar Mørkve (UKM Voss), Marianne Ose Askvik (UKM Hordaland), Inni Mowinckel (UKM Hordaland), Line Yvonne Eidheim (UKM Hordaland), Lila Kjeldsen (URG Hordaland), Ole-Martin Skorgen (UA Hordaland), Synnøve Algrøy (UA Hordaland), Wenche Gausdal (Hordaland fylkeskommune), Inger Lise Johnsen (UKM Norge), og Ronny Skaar (Hordaland fylkeskommune).

## Stikkord frå presentasjonsrunda:

- Gjennomgåande stolte av ungdommane
- Høg innsats på tross av lav eller ingen definert stillingsprosent
- Gode samarbeid mellom kommunane

## Innspel under gjennomgåinga av evalueringa:

Kommunekontaktar ønskjer å få kome med innspel til nominasjon av UA til Landsfestivalen. På den måten vil den UA-nominerte både ha ei vurdering frå kommunekontakten, fylkeskontakten og produsenten når nominasjonane vert sendt til UKM Norge.

Kommunekontaktar ønskjer betre informasjon om husband og deltakarane sine høve for å øve med husband.

Ljodprøver / scenetekniske prøver:

- Vanskeleg å organisere
- Viktig for ungdommane
- Scenetekniske prøver må gjennomførast på fredagen. Dette er ei utfordring, særleg for dei som bur lengst vekk.
- Deltakarane må få tydeleg informasjon i forkant av ei ljodprøve om å stille presis, med gitaren pakka opp og leidningar kveila ut.
- Kva med workshop i forkant (lokalt), og under fylkesfestivalen? Kurs/workshop innan scenetekniske løysingar er eit ønskje.
- Viktig med god dialog med teknikaren som jobbar, både lokalt og fylkesnivå
- Jobbe meir med dette lokalt før fylkesfestivalen, førebu deltakarane på kva det inneber og kva dei kan forvente
- Oppmoda alle lokale UKM-arrangement til å bruke husband
- For å få til tekniske prøver til alle: skal vi ha oppstart med liveprogram under fylkesfestivalen på eit seinare tidspunkt enn i 2016?
- Kutte ned tid for husband-generalprøve, ta det under workshops?
- Evt også omorganisere lengde på workshop, så vi har to etter kvarandre under fylkesfestivalen, med scenetekniske prøver samtidig?

For smidigare overgang live m/ konferansierar: bytte liten plattform foran / ved sida av scena (á la Landsfestivalen) som dei kan stå på.

Prinsipp for deltaking:

- Uoversiktlig i forbindelse med ansvarsfordeling. Kven har ansvaret for kven heile tida? Kven skal følgje utøvarane til og frå Bergen? Kommunen må organisere at vaksne (t.d. foreldre) stiller på dagtid.

Hordaland fylkeskommune tek på seg oppgåva med å ha vaksne tilstade frå kveld til morgon (overnattinga).

- All informasjon må sendast ut i god tid.
- For ungdommane sin trygghet oppmoda UKM Radøy kommunekontaktar / reiseleiarar om å overnatta, men det er ikkje naudsynt.
- Opplevs rigid at deltakarane må delta heile helga (særleg når det gjeld overnatting)

Det er ønskeleg med kunstkatalog og program samla i eitt hefte, - som ei minnebok.

Forslag til nye idear og workshops:

- "Lag-din-egen-pedal" workshop
- Merchbord under festivalen der vi selger hoodies, bærenett, t-skjorter osv

Booke AKKS-øvingslokalar for workshops og for å gi deltakarar høve til å øve i løpet av dagen. Kan sette opp "bookingsystem" for éin time av gangen.

### **Informasjon frå UKM Norge v/ Inger Lise Johnsen**

- Nytt og samla bestillingssystem for materialpakker gjennom heilårleg nettbutikk. Må bestillast, ikkje lenger automatisk. Det finst vanlege og eigendefinerte pakker.  
Årsavgift på kr 1.000,- vert dekt HFK
- Ny og enklare metode for påmelding. Info/ev. video om korleis bør delast med alle.
- Tekniske krav i søknaden – som tidlegare. Anbefalt å ringe dei påmeldte etterpå.  
Kommunekontaktar som har laga gode sjekklister delar desse med alle i nettverket.
- Heilårleg UKM – jobbe for å spreie info via sms, Facebook,....  
Smart å samle inn mobilnumre kvart år. Rekruttere tidlegare UKM-arar, sms til gamle deltakarar.
- Stimuleringsmiddel – desse aktivitetane har fått tilskot:  
Workshop-helger  
Festivaltilskot  
Informasjonsrunder ute i skulane  
Lokalt utviklingsarbeid i UKM (ikkje drift)  
Fokus på involvering av ungdom  
Heilårleg verksemd  
UKM camp  
Skrivekurs  
Etablere samarbeid mellom kulturskule og UKM

Kan UKM sentralt lage ein idébank – med rapportar over gjennomførte prosjekt?

### **Unge Arrangørar v/ Ole Martin og Synnøve**

Oppsummering Hordaland/Trondheim

I Trondheim – nokre dagar med førebuing på spissa oppgåver – alle fekk bli veldig gode på konsentrerte arbeidsoppgåver.

Førebuing til Sandnes 2017 – UA må presentere forslag til nye løysingar – ikkje lenger mogeleg å kvile på tidlegare erfaringar. Alle får ansvar, blir høyrde og får kome med gode idear.

UA sine oppgåver må definerast i kommunane, og det må fokuserast på det sosiale, erfaring og nettverksbygging.

Det er viktig å stole på ungdommen!!

Korleis kome i gang med UA-rekruttering i kommunane?

- Synnøve verva gjennom MOT
- Snakke med vaksne der ungdom er (aktivitetsklubber, etc)
- Bruk tidlegare utøvarar, start med to personar
- Info om UA i Idébanken til UKM + i grunnmuren

## **URG v/ Lila Kjeldsen**

- URG er ein ressurs
- Har fokus på at alle har det godt sosialt
- Jobbar med planlegging
- evaluerer, reflekterer, diskuterer og gjer ting betre neste gang
- oppretting av regionalt URG: ønskje om at kommunane sender namn på ungdommar som ønskjer å engasjere seg i regionalt URG til [hordaland@urg.ukm.no](mailto:hordaland@urg.ukm.no)

## **Diskusjon i gruppearbeid:**

*Gruppe 1: Marianne (fylkeskontakt), Line (produsent), Inger Lise (UKM Norge), Ole-Martin (UA), Agnes (UKM Fusa), Arnstein (UKM Granvin), Sindre (UKM Vaksdal), Katarina (UKM Radøy), Ingrid (UKM Voss).*

*Gruppe 2: Inni (produsent), Lila (URG), Synnøve (UA), Rolf (UKM Kvam), Svein Gunnar (UKM Voss), Nina (UKM Askøy), Hilde (UKM Sund), Anita (UKM Austrheim), Kjetil (Os), Una (UKM Kvinnherad), Evy (UKM Vaksdal)*

### **1. Korleis sikrar kommunane god informasjonsflyt mellom kommune og deltakar/føresette?**

Innspel frå 2 lokalarrangørar at facebook-gruppar fungerer fint – ein fb-gruppe for deltakarar og ein fb-gruppe for føresette.

Ringe til deltakarar og foreldre og snakke med dei på telefon er eit godt alternativ.

Kommunekontaktar får ofte telefoner frå føresette “rett før”. Leser ikkje deltakarar og føresette informasjon i forkant?

Innspel om å invitere deltakarar og foreldre til informasjonsmøte rett etter lokalmønstringa (God idé!!).

Kommunikasjon som fungerer er å ringe, bruke sms-funksjonen i arrangørsystemet, i tillegg til Instagram/SoMe.

### **2. Korleis jobbar kommunane med ungdomsmedverknad i UKM? Unge Arrangørar!!**

For kommunar som ikkje har UA, men som ønsker å få dette opp og gå, er det opent for å spørje UA Hordaland om å delta på eit oppstartsmøte

Når kommunar samarbeider om felles lokalmønstring, rullering, gjer arbeidet med UA gjennom heile året meir komplekst.

Bruke ungdomsråd lokalt – Ungdom høyrer på ungdom. Spørje ungdomsråd om å informere om UKM på skulane.

### **3. Korleis jobbar kommunane med marknadsføring av UKM?**

T.d. gjennom skulane: Før ein heng opp plakat må ein gå rundt i klasseromma og snakke om UKM – eller stå på ein stand på skuleområdet. Plakatar fungerer kanskje ikkje så bra utan førehandsinformasjon. Om ein kan nytte tidlegare UKM-deltakarar eller UA til dette, er det ei utfordring mtp fråværsgrrensa på skulane. Kva med å nytte tidlegare UKM-deltakarar som kan opptre med noko i eit friminutt / fritime? Eller informere i kantina på skulen?

Direkte kommunikasjon, målretta promotering, visuell promo, “pop-up” konsertar og anna på skulane, i bybildet osv.

Geriljakonserter på de forskjellige skulane.

Filmen «UKM 2015 – recap» kan framleis nyttast til deling i sosiale medium. Kanskje vi må tenkje meir visuelt når det gjeld marknadsføring?

Vær aktiv på sosiale medium på lokalmønstringa.

I år har Oseana samarbeid med to andre aktørar som også skulle rette seg mot ungt publikum. Gjør at de kan bygge kvarandre opp i staden for å «ta» av kvarandre sine publikum.

#### **4. Har kommunane kontakt med skulane?**

Var innom dette under pkt.3

#### **5. Korleis lage eit arrangement med kjensle av festival og ikkje konkurranse?**

UKM er ikkje ein konkurranse. Å nytte fagpanel (endre namn frå jury til fagpanel) og ikkje ha opplesing på slutten vil vere med å dempe preg av konkurranse. Samstundes er det kommunar som opplev at å ha opplesing på slutten er ei hyggeleg oppleving for alle deltakarane.

#### **6. Korleis held ein på publikum i salen?**

ha dialog foran og bak scena (icom)

konferansierane: informere om at ein ikkje må gå ut (oppmoda til dette), og samtidig informere om kor lenge arrangementet varer. Viktig at det blir tydelig kommunisert om tid, når ting starter, når det slutter osv.

Forslag om å inkludere publikumspris lokalt

God spreing i programmet.